


GARBORGSENTERET SKULEÅRET 2015/2016

Garborgsenteret tilbyr pedagogiske opplegg til skuleklassar. Opplegga er tilpassa læreplanane på dei ulike trinna, og gir innføring i emne som på ulike vis er knytte til ekteparet Garborg.



Sjå vedlagt oversikt over opplegga me tilbyr heile skuleåret. I tillegg til dei faste tilboda, vil me i avgrensa tidsrom tilby opplegg knytt til skiftande utstillingar:

6. november 2015 – mai 2016: BERGTATT

UTSTILLING OG UNDERVISNINGSOPPLEGG OM FOLKEDIKTING, EVENTYR OG OVERTRU

Det er gratis for grunnskulen å besøka Garborgsenteret og å nytta seg av dei pedagogiske tilboda.

For bestilling eller spørsmål, kontakt:

skule@garborg.no

Jorunn Osland, museumslektor (tlf: 905 05 186)

TILBOD TIL BARNEHAGE OG GRUNNSKULE

BARNEHAGE

FORTELJINGSSTUND I UTSTILLINGA

Formidlar les og fortel om Arne Garborg sin oppvekst og det gamle Jæren. Etterpå kan ungane leika i utstillinga – kle seg ut, teikna og utforska.

OMVISING I GARBORGHEIMEN OG KNUDAHEIO

BARNESKULE

FORTELJINGSSTUND I UTSTILLINGA (småskulen)

Formidlar les og fortel om Arne Garborg sin oppvekst og det gamle Jæren. Etterpå kan ungane leika i utstillinga – kle seg ut, teikna og utforska.

AKTIVITETSLØYPE I UTSTILLINGA (mellomtrinnet)

Elevane blir delte i grupper og får oppgåver dei skal løysa ved hjelp av utstillinga, slik blir dei betre kjende med Arne og Hulda Garborg.

OMVISING I GARBORGHEIMEN OG KNUDAHEIO

UNGDOMSSKULE

INTRO TIL GARBORG

Me ser først ein kort film som introduserer Arne og Hulda Garborg sine liv og virke. Deretter blir det tid til å sjå seg om i utstillinga.

AKTIVITETSLØYPE I UTSTILLINGA

Elevane blir delte i grupper og får oppgåver dei skal løysa ved hjelp av utstillinga, slik blir dei betre kjende med Arne og Hulda Garborg.

DIALEKTAR, KNOT OG GARBORG

Eit møte med dialeksituasjonen i Noreg i dag, ulike dialektar, bakgrunnen for dialektkilnadane og litt om Garborg sitt syn på knot og dialektutvikling. Elevane får utforska sin eigen dialekt gjennom aktivitetar.

HELSEBROR OG BRANNKVINNE

Kva har det å seia at enkelte yrkestitlar er knytt opp til kjønn, og koss er det å arbeida i eit yrke dominert av det motsette kjønn? Gjennom intervju med ein helsebror og ei brannkvinne får elevane utforska utradisjonelle yrkesval og kjønnsrollar.

HULDA OG FOLKEVISENE

Innføring i historia og tradisjonane bak folkevisene, og Hulda Garborg sitt arbeid for folkevisedansen. Elevane får prøva seg på både song og dans.

OMVISING I GARBORGHEIMEN OG KNUDAHEIO

Tilbod knytt til skiftande utstillingar:

6. nov. 2015 – mai 2016: Bergtatt

Utstilling og undervisningstilbod om eventyr og overtru

